



Byglandsnytt nr.22 - juni 2021

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 1. juli - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 28.06.

Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Vanlege opningstider Bygland kommunehus

Publikumsmottak: tlf. 37 93 47 00

måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00 – stengt for tida grunna smittesituasjonen

NAV: tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Rettleiingssenter i Bygland: drop-inn uten timeavtale torsdag kl. 12.00–14.00

Legekontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116117

Bygland legekantor
Sentrum 18, 4745 Bygland

Byglandsfjord legekantor
Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 19.00	10.00 – 14.15
torsdag	14.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar:

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 14.06. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 14.06. kl. 15.30
- **Plan, miljø- og ressursutvalet:** 15.06. kl. 13.00
- **Formannskapet:** 16.06. kl. 17.00
- **Kommunestyret:** 24.06. kl. 09.00

Nytt om namn i kommunen:

- Nils Børge Kile, som er tilsett som fisk – og vassdragsrådgjevar, tek til i stillinga 23.08.2021

Helse:

Informasjon om syns- og hørselskontakt

Bygland kommune har inngått ein avtale med LMT om eit prosjekt der den interkommunale audiografen skal vere hørselskontakt i Bygland. I samme perioden fungerer kommunen sin ergoterapeut som synskontakt.



Hørselskontakt

Hørselskontakten starta opp 10. mai og held fram ut september 2021.

Kontaktinformasjon og timebestilling:

Namn: Cecilie Myhre

Telefon: 90 36 83 70 (telefontid kvar onsdag mellom 08:15 og 09:00, samt måndagar når ho er i Bygland. Ho svarer då mellom konsultasjonar og anna)

E-post: cecilie.myhre@e-h.kommune.no

Nærvær i Bygland:

Ho kjem til å vere tilstades på UV-rommet på Byglandsheimen desse dagane frå kl. 09:15 - 14:00:

• onsdag 14. juni	• måndag 30. august
• torsdag 5. juli	• måndag 20. september

Timebestilling i regi av sjukehuset på onsdagar gjeld framleis

Drop-in på onsdagar på Evje gjeld, men er per no timebestilt via Hørselsentralen pga korona.

Hørselsentralen telefon: 37 01 45 40 (mellom kl. 09:30 og 11:30)

Synskontakt

Det er kommunen sin ergoterapeut som fungerer som synskontakt.

Kontaktinformasjon:


Namn: Andreas Hammervold Isaksen

Telefon: 922 01 872

E-post: andreas.hammervold.isaksen@bygland.kommune.no

KORONA

- Evje og Hornnes og Bygland kommune utarbeidar kvar fredag felles **risikoanalyse for Covid 19 smitte** i kommunane. Resultatet blir lagt ut på Bygland kommune si heimesida og Facebook-sida.
- **Informasjon om vaksiner** av innbyggjarane blir oppdatert på Bygland kommune si heimesida kvar veke.
- **Oversyn over nasjonale tiltak** finn du her: <https://www.regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen>
- **Koronatelefon**: 941 73 912. Telefonen er bemanna kvardagar mellom 09:00 og 12:00.
- **Eigenerklæringsskjema til vaksinasjon** finn du på Bygland kommune si heimesida. Det er fint om du tar med ferdig utfylt skjema når du kjem til vaksiner, men du kan og få skjemaet når du kjem.



Status på vaksinasjon (Covid -19) i Bygland kommune - Oppdatering pr. 31.05.21

Talet på vaksinerde innbyggjarar i Bygland, er i dag som følgjer:

Dose 1: 344 personar

Dose 2: 237



Oppdatering pr. 28.05.21

Vi vil få 54 dosar i veke 23. Av desse vil 36 gå til å vaksinere dose 2, og 18 personar vil få sin dose 1.

Vi minner om at vi bruker Varsling24 til å sende ut SMS til dei som står for tur til vaksinering. Det er svært viktig at du som får ein slik SMS, gir tilbagemelding via lenka i SMS'en! Om du ikkje får til å bruke lenka, kan du ringe sentralbordet på tlf. 37 93 47 00 og gi beskjed. Beskjeden din vil då bli vidareformidla.

Det er og viktig at du møter opp på tida.

Risikogruppe 4:

Personar med følgjande sjukdommar/tilstander er definert som medisinske risikogrupper:

- Organtransplantasjon
- Immunsvikt
- Hematologisk kreftsjukdom siste fem år
- Annan aktiv kreftsjukdom, pågåande eller nyleg avslutta behandling mot kreft (spesielt immundempande behandling, strålebehandling mot lungene eller cellegift)
- Nevrologiske sjukdommar eller muskelsjukdommar som medfører nedsett hostekraft eller lungefunksjon (til dømes ALS, cerebral parese og Downs syndrom)
- Kronisk nyresjukdom eller betydeleg nedsett nyrefunksjon.

Prioritering av pasientar i risikogruppene blir gjort av fastlegane.

For personar som har fastlege i andre kommunar har vi fått lister der det er blitt gjort prioriteringar frå fastlege.

Vi følgjer prioriteringan frå FHI og får beskjed 7 - 10 dagar før om kor mange dosar vi får.

Det er ingen i Bygland kommune som har fått vaksine frå AstraZeneca, alle som er vaksinert til no har fått Pfizer si vaksine.

Tabell over antall vaksinedosar veke 14 – 23 (kolonne 1: Veke, kol. 2: Dato, kol. 3: Talet på dosar, kol. 4: Til revaksinerings, kol. 5: Nye)

14	6.4.	30	0	30
15	13.4.	42	0	42
16	20.4.	30	0	30
17	27.4	54	19	35
18	4.5.	36	18	18
19	11.5.	24	18	6
20	18.5.	30	29	1
21	24.5	42	42	0
22	31.5	54	30	24
23	8.6	54	36	18

Det som er viktig å vite, er at vi ikkje kan frakte oppblanda dosar frå Byglandsfjord til Bygland eller motsatt. Om eit vaksineglas blir oppblanda på Byglandsfjord, må alle dosane i glaset bli sette på Byglandsfjord.

Vaksinasjonsstad

Dette vil variere ettersom kor mange som skal vaksinerast, og kor mykje plass vi treng.

Vi vil så langt som råd tilpasse oppmøtestaden som ligg nærast der du bur.

Hovudregelen er:

- Dersom vi får 1 - 50 dosar: Leilegheit i underetasjen på Byglandsheimen eller ei leilegheit på Byglandsfjord. (Tidlegare var det kommunestyresalen og legekantoret på Byglandsfjord)
- Dersom vi får over 50 dosar: Byglandshallen eller Årdalshallen

Har du fått SMS frå Bygland kommune vedk. vaksinerer?

I desse dager er vi i gong med å kalle inn fleire til vaksinerer. For å vere effektive, har vi valgt å bruke Varsling24.



Har du fått SMS frå oss? Då er det svært viktig at du gjer det som står i SMS'en! Nederst i SMS'en er det ei lenke. Du må trykke på den. Når du har trykka på lenka, vil du få moglegheit til å takke ja eller nei til vaksinen. Du får følgjande val: «Ja», «Nei» og «Har fått vaksinen». Du får altså moglegheit til å takke ja eller nei til vaksinen. Om du allereie er fullvaksinert, t.d. at du har fått vaksine gjennom jobben din, kan du trykke på «Har fått vaksinen»

Det er, som sagt, svært viktig at du trykker på lenka for å svare! Om du ikkje får dette til, kan du ringe til sentralbordet på tlf. 37 93 47 00, så kan vi vidareformidle svaret ditt.

Folkehelseinstituttet (FHI): Koronavaksine på 1-2-3 - på ulike språk

Kort generell informasjon frå FHI om vaksine mot koronasjukdommen covid-19 på fleire ulike språk (t.d. polsk, arabisk, engelsk):



<https://www.fhi.no/publ/informasjonsark/koronavaksine-pa-1-2-3/>

Plan og Utvikling

Nå blir framtidens Bygland planlagt – blir du med på idédugnaden?

Vi ønskjer innspel og idéar frå innbyggjarane til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og inviterer til idédugnad / ope møte følgjande stader:



- Årdalshallen 26. mai kl. 18.00-20.00
- Grendi grendehus 27. mai kl. 18.00-20.00
- Bygland kulturscene 31. mai kl. 18.00-20.00
- Åraksbø grendehus 2. juni kl. 18.00-20.00
- Ose grendehus 3. juni kl. 18.00-20.00

Kommuneplanen sin arealdel seier noko om kor utviklinga i kommunen skal skje. Arealdelen inneheld kart, føresegn og retningslinjer som skal leggjast til grunn for meir detaljert planlegging. Arealdelen bestemmer korleis vi vil bruke og utvikle de ulike områda i kommunen. Kvar vil vi bygge nye bustadar? Kva område bør bli utvikla først? Kvar skal det vere kultur- og tenestetilbod, handels- og næringsverksemd? Kvar skal det vere grøntområde? Korleis skal vi best mogleg ta vare på natur og landbruksområda i kommunen? Korleis skal vi kome oss rundt mest mogleg effektivt og miljøvenleg? Sentrale tema på møta blir bustad, næring, samferdsel og friområde.

Drift og Forvaltning

Arbeidet ved høgdebassenget i Byglandsfjord

Høgdebassenget til Byglandsfjord vassverk skal bli renovert. Arbeidet går føre seg frå 02.06. til 25.06. I denne perioden blir vatnet levert direkte frå vassverket. Det vil bli tilsatt ei lita klormengde.

For å unngå at høgareliggande abonnentar skal miste vasstrykket ved stort forbruk, blir det i same periode innført vatningsrestriksjonar med åpen slange (spreder o.l.).



Skal du bygge, rive eller endre?

Før du set i gong er det lurt å be om ein førehandskonferanse med kommunen. Førehandskonferanse er gratis, og er eit avklaringsmøte mellom den som skal bygge og kommunen.

Skjema for bestilling av førehandskonferanse og lenkje til film om kva som må til for å sende ein byggesøknad til kommunen finn du på Bygland kommune si heimeside.



Skal du kjøpe hytte eller bygge på i sommar?

Ved kjøp og sal av eigedom eller når nye bygningar og tilbygg skal oppførast, er matrikkelen ei viktig informasjonskjelde.

På Bygland kommune si heimeside kan du sjå ein film som viser deg meir om det du bør sjekke ut.

Går du inn på <http://www.norgeskart.no> kan du få opp det som er registrert om DIN eigedom.

Webinar «Innføring i byggesøknad»

Om du skal sende ein byggesøknad til kommunen, er det viktig at søknaden inneheld dei rette opplysningane.



Setesdal Vekst inviterer handverkarar, entreprenørar og andre interesserte som skal bygge, endre og søke til digitalt seminar "Innføring i byggesøknad" den 2. juni kl. 18.00 – 19.00.

Foredragshaldarar: **Prosjekthuset** og **Bygland kommune**

Påmelding til setesdalvekst@bygland.kommune.no

Ymse frå DoF

- I perioden 21/6 – 16/7 vil det vere tilsaman 18 skuleungdomar engasjert ved eininga DFV. Dei vil utføre arbeid på bygg, grøntanlegg, reinhald og avfalls – og krypsivrydding. Me ser at dette vil vere ein ressurs for å få utført mykje førefallande arbeid som det elles er mindre kapasitet til å få utført gjennom året.
- Arbeidet med å rehabilitere delar av Skrelandsvegen går veldig greitt, og ein vonar tiltaket vil vere ferdig med asfaltering før sommarferien. Entreprenør Gunnar Gautland frå Grendi har oppdraget.
- Planen er å få asfaltert eit uteareal framom Bjoren bryggje før travlaste sommarsesongen startar.
- Rehabiliteringsprosjektet på Byglandsfjord høgdebasseng er også i rute. Smeland Byggservice har oppdraget.
- Det er merkbart at våren er i god driv og plenareala veks fort. I nokre tilfelle kan det nok bli oppfatta at nokre grøntareal skulle vori klypt før. Uteseksjonen har konstant fokus på å halde grøntareala så fine som råd. Grunna regn kan det bli noko etterslep på

klippearbeidet på denne tida av året. Slåtten blir mindre fin dersom graset er for vått.

Tilskott til miljøtiltak i skog 2021

Landbruksdirektoratet har sett av 8 millionar kroner til miljøtiltak i skogbruket, der 6 millionar skal gå til skogeigerar som tek vare på nøkkelbiotopar i større omfang. I dette inngår fleirårige kontraktar om nøkkelbiotopar og fornying av gamle avtalar. Tilskott kan bli gjeve til å ta vare på områder rundt rovfuglreir og spelområde for tiurleik.



Dei øvrige 2 millionane blir delt til ulike formål som friluftslivstiltak, synleggjering av kulturminner, ivaretaking og skjøtselstiltak i nøkkelbiotopar og fjerning av frøformerte planter av utanlandske treslag utanfor produksjonsbestand av slike treslag.

Meir informasjon om korleis de skal søke finn de på Bygland kommune sin heimeside. De kan òg ta kontakt med skogbrukssjefen på tlf. 37 93 53 51 eller e-post inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no

Reviderte reglar for tilskott til jordbruket i Bygland

Kommunestyret vedtok den 6.5.21, k-sak nr 28/21 reviderte reglar for byglandsjordbruket.



Målsetjinga med dette regelverket er å stimulere til auka aktivitet, sikre eksisterande arbeidsplassar og å skape nye arbeidsplassar i byglandsjordbruket.

Vidare er målsetjinga å motivere til å få etablert former for nisjeproduksjon og å skape jordbruksaktivitet på areal/gardsbruk der tradisjonelle driftsformer vil vere mindre aktuelt. Det er og tenkt på dei som ønskjer å starte i mindre skala og har jordbruket i tilleggsnæring.

Du finn dei reviderte reglane og søknadsskjema på Bygland kommune si heimeside.

Kultur

Bygland, Evje og Hornnes kulturskule - Undervisning i tradisjonsinstrument

Til kulturinteresserte barn og unge i Bygland

kommune 🎵 : I samband med UNESCO-arbeidet i Øvre Setesdal vil det frå hausten 2021 være mogleg å melde seg på undervisning i tradisjonsinstrument via kulturskulene i Bygland, Valle og Bykle.

Elevlar kan i første omgang melde seg på fele, munnharpe og kveding.



Informasjon om kulturskulen og påmeldingsverktøy finn du på Bygland kommune si heimeside under Kultur og Fritid / Kulturskule.

Påmeldingsfrist for alle kurs ved kulturskulen er 15. juni.

Folkebiblioteket

Sommarles 2021 – Det magiske regnskogen

Endeleg sommar og ny Sommarles!

Delta i Noregs største og kulaste lesekampanje

Les meir på: sommarles.no



Lån spennande bøker for Sommarles 2021 ved biblioteket i Bygland og Byglandsfjord. Det har ope ut juni.

Opningstider sommar 2021

Sommarferie på biblioteket vert veke 27 til og med veke 31. Siste dag før ferien blir torsdag 1.juli og første dag etter ferien blir måndag 9.august.

Filmbib.no

Alle med nasjonalt lånekort på norske bibliotek kan sjå kort- og dokumentarfilm gratis gjennom strømmetjenesten Filmbib. Du loggar deg inn med lånennummer og PIN-kode som du får på biblioteket.



Lånekort får du hos det lokale biblioteket (eller hos Nasjonalbiblioteket: <https://nb.bib.no/>).

Alle filmene du finn her er kjøpt inn gjennom den nasjonale innkjøpsordninga for film. Ordninga blir administrert av Norsk filminstitutt på oppdrag frå Kulturdepartementet og er oppretta for å bidra til breidde og kvalitet i filmtilbodet, for vaksne og barn, og stimulera filmkulturen i Noreg.

Oppvekst

Informasjon om 2. trinn i regjeringa sin gjenopningsplanen

Torsdag 27. mai gikk regjeringa til andre trinn i den nasjonale gjenopningsplanen.

For skule og barnehage betyr det at det er den lokale smittevernmynda som sjølv må

vurdere kva for tiltaksnivå som er rett, i høve til lokal og regional

smittesituasjon. For Bygland og Evje og Hornnes kommune sin del, vil skulane og barnehagane følgje gult nivå i tida framover.



Redusert foreldrebetaling i barnehage og SFO

Kommunen skal ha ei ordning som kan tilby reduksjon i foreldrebetalinga, slik at den per barn utgjør maksimalt seks prosent av inntektene til husholdninga.

Om maksprisen er høgare enn 6 prosent av den samla inntekta til husholdninga, kan du søkje om redusert foreldrebetaling i barnehagen og /eller SFO. Frå 1.august 2021 vil inntektsgradert foreldrebetaling i SFO også gjelde elevar på 3. og 4. trinn.



Tilbodet om SFO til barn med særskilte behov på 5.–7. trinn skal vere gratis. Søknadsskjema finn du på Bygland kommune si heimeside.
NB! Matpengar kjem i tillegg.

Sommarstengt barnehage 2021

Barnehagene i Bygland og Byglandsfjord har sommarstengt veke 28+29+30. Første dag etter ferien vert måndag 2.august.



Bygland skule

Siste skuledag: måndag 21. juni

Byglandsfjord skule

Siste skuledag: fredag 18. juni

Første skuledag for alle vert torsdag 19. august

**Bygland kommune ønskjer alle barn og tilsette
GOD SOMMAR**

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester

- søndag 06.06. kl. 11.00, Sandnes kyrkje, Åraksbø
- søndag 20.06. kl. 12.00, Tveitå på vestsida av fjorden



Konfirmanter

- onsdag 02.06. kl. 19.00 Informasjonsmøte med nye konfirmanter. Vonheim bedehus, Bygland

Meir informasjon finn du på bygland.kyrkje.no

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: *Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,*

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post: post@bygland.frivilligsentral.no

Bygland frivilligsentral (BF) må framleis utsette oppstart av dei fleste aktivitetane sine.



Informasjon om oppstartsdato og smittevernomsyn i følge smittevernplan vil kome etterkvart på www.bygland.frivilligsentral.no/ og på Facebook

Opne aktiviteter er:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)**, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøring av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste**
- **Transport til og fra vaksinasjon**

BUA Bygland – Opning 03.06. kl. 17.00

Utstyrssentralen vår vert no BUA Bygland!

Torsdag 03. Juni kl. 17.00 vil me no opne BUA Bygland for publikum. Kom og sjå alt det flotte utstyret me har, og finn ut kor enkelt det nye lånesystemet er! Me serverer kake og kaffi til alle som kjem! Opninga vert hovudsakleg ute dersom veret tillet det. Ellers følger me smittevernregler etter trinn 2, 10-50 personar innandørs.



BUA Bygland – Open dag

- **i Bygland:** tysdag, 22. juni frå og med kl. 11 på Tangen
- **på Byglandfjord:** måndag 28. juni frå og med kl. 10.00 i Vassend

BUA Bygland arrangerer open dag! Me gjentek suksessen frå i fjor. Me tek med oss masse utstyr, slik som kajakk, SUP, kano, leiker, spel, sparkesykkel mm. Dette kan alle som kjem bruke gjennom heile dagen. Me stiller også med noko leskande, kanskje is???

PS: Dersom det vert mykje folk, blir det utlån av utstyr 30 minutt om gongen. Slik får alle prøve!

Alt er gratis, alt du treng gjere er å møte opp saman med ein vaksen.

MERK: ARRANGEMENTET ER VERAVHENGIG, OG KAN BLI UTSETT DERSOM VERET ER DÅRLEG.



Hjelp til praktisk arbeid

Frivilligsentralen treng hjelp av frivillige til å klippe ein plen ved behov. Ikkje alle naboane våre er friske nok til å utføre dette arbeide sjølv. Fleire treng hjelp til praktisk arbeide.



Korleis blir oppgåvene organiserte?

Den frivillige avtalar med tenestemottakar kor ofte og når det er behov.

Kven ser vi etter?

Ein som kan tenkje seg å ta på seg ei oppgåve som ikkje krev mykje tid, og som likar fysisk arbeid.

Krav: førarkort

For meir informasjon og påmelding sjå: <https://frivillig.no/bygland-frivilligsentral/plenklypp>

Kino på Bygland kulturscene

Bygland filmklubb (på Facebook: *Bygland filmklubb*)

sundag

06.06. kl.

17.00:

Never ending story (1984)

Aldersgrense
: 7 år



sundag

06.06. kl.

19.00:

Ungkarsfest en (1984)

Aldersgrense:
15 år



Filmklubben på Bygland får nytt filmlerret

Bygland filmklubb skal få nytt filmlerret til hausten. Filmklubben fikk støttemidler av Sparebanken Sør og Bygland kommune til det. Det nye lerretet blir plassert i Bygland kulturscene, og skal kome til nytte hos alle i Bygland som går på Bygdekinoen eller andre arrangement på kulturscena. Det gamle filmlerret vil bli tatt i bruk på ungdomshuset i Bygland.

Bygland filmklubb viser film for både barn og vaksne. Klubben byr ofte på det lille ekstra med til dømes foredrag til filmen eller amerikansk lastebil til den legendariske road movien med Kris Kristoffersen og Ali McGraw i hovudrollen:



Bygdekinoen (bygdekinoen.no) – onsdag 16.06., Bygland kulturscene

Film 1: kl. 17.30 – Roald Dahls Heksene

OMTALE:

Roald Dahl si elska historie Heksene, får nytt liv i Robert Zemeckis visuelt innovative film. Ei morosam og hjertevarm historie om ein ung foreldrelaus gut som i slutten av 1967 skal bu hos den kjærlege bestemora si i den vesle byen Demopolis, Alabama. Når guten og bestemora hans møter ein glamorøs, men djevlesk heks, tar dei tilflukt på eit overdådig hotell. Dessverre kjem dei samtidig som Storheksa har samla alle «kollegaene» sine frå heile verda for å gjennomføra den vonde planen hennar.

BILLETTPRIS: 100 kr.

FILMFAKTA

Regi: Robert Zemeckis. Språk: norsk. Produksjonsår: 2020. Skodespelarar: Anne Hathaway, Octavia Spencer, Stanley Tucci. Sjanger: Eventyr /Komedie /Familiefilm. Nasjonalitet: USA. Lengde: 1t. 44min.

Aldersgrense med grunngiving: 9 år.

Denne filmen har fleire scener med skremmande skikkelsar og forvandlingar. Då desse føregår i ei eventyrramme med komiske element, får filmen 9-årsgrense.

Film 2: 19.30 – Ingen informasjon om film 2 ved redaksjonsslutt



Tømekalender for Bygland kommune – juni 2021

Matavfall og restavfall: veke 22: torsdag 03.06.

Papir og plast: veke 24: tysdag 15.06.

Matavfall og glass/metall: veke 24: torsdag 17.06.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (09.06.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (26.06.)

|Syrteveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (12.06.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 22:

Bilete: Framside: Kyr på tur av Susanne Hegenscheidt. Innhold: Susanne Hegenscheidt, pixabay.com, Sonja Lien Skjevraak, Inge Olav Fjalestad, Setesdalsfolk, sommarles.no, Nasjonalbiblioteket, Geir Daasvatn, Anne Fauske, bua.io, Bygdekinoen, Bygland filmklubb, NOFIMA, Tour of Norway. Setesdalsmuseet, Nina Bygland, Olav Grendstad. Red.notat: Johannes Hansen. Kva skjer: Susanne Hegenscheidt. Tusen takk til alle fotografane!

*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg
Neste utgåve Byglandsnytt: 01. juli 2021*



Ymse

Lokal mat og moglegheiter (Miljøveka i Kristiansand kommune)

NOFIMA arrangerer webinar 3. juni for lokale matprodusentar der m.a. Kompetansenettverket for lokalmat, Sør, presenterer kva dei tilbyr av bistand og om moglegheiter innan lokal matproduksjon. Deltaking krev påmelding.

For meir informasjon sjå <https://www.facebook.com/setesdalvekst>




Suleskarvegen er open

Brøyting av vegen gjekk etter planen i år og vegen vart opna den 20. mai. Vegen er open frå 20. mai og vert vinterstengt den 1. november.



Setesdal regionråd: RISS-prosjektet - Kulturarvturisme i Setesdal

Hovudmålet med prosjektet er å utvikle eit sett med produktkonsept og historier som posisjonerer Setesdal som ein unik, bærekraftig reiselivsdestinasjon innanfor **kulturarvturisme og opplevsar.**



Om prosjektet

Gjennom bruk av Nasjonal kolleksjon vil ein utvikle ulike kulturopplevsar/kulturreiser med immateriell og materiell kulturarv i Setesdal som basis. Det skal byggjast konsept og historier som skal visualiserast, og historiene og konseptane skal synleggjere Setesdal både i høg- og lågsesong.

Om RISS/Nasjonal kolleksjon

RISS er ein prosess og praktisk verktøykasse for strategisk opplevsesutvikling og marknadsføring/kommunikasjonmetodikk som er utvikla av Innovasjon Noreg. Du kan lese meir om RISS på nettsida til Innovasjon Norge. RISS er ein del av konseptet Nasjonal kolleksjon. For meir informasjon: <https://www.setesdal.no/kulturarvturisme-i-setesdal.540226.no.html>

"Tour of Norway for kids" kjem til Bygland!

Det største sykkelrittet i Noreg kjem til Bygland
måndag 21. juni kl. 18:00!

For første gong i Kids-historien kjem Tour of Norway for kids til Bygland. Dette kan du ikkje gå glipp av!



På grunn av dei gjeldande smitteverntiltaka for idretten, er dette arrangementet kun for innbyggjarar i Bygland kommune.

Program

- Registrering og utdeling av startnummer frå kl. 17.00
- Første pulje startar kl 18.00
- Dei minste med trehjulsykkel og støttehjul er først ut. Så 5 - 6 år, 7 - 8 år og til slutt 9 - 12 år.
- Arrangementet er ferdig før kl. 19.00

Tour of Norway for kids er gratis. Alle får t-skjorte og premie, og det er ope for alle mellom 0 - 12 år som har hjelm og noko med hjul.

Les meir om arrangementet på tourkids.no/event/bygland/



Seglingsplan Bjoren sommaren 2021:

- Sundag 6. juni kl.11.00 Byglandsfjord
- Sundag 13. juni kl.11.00 Byglandsfjord
- Sundag 20. juni kl.11.00 Byglandsfjord
- Sundag 27. juni kl.11.00 Bygland
- Onsdag 30. juni kl.11.00 Bygland
- Sundag 04. juli kl.11.00 Bygland
- Onsdag 07. juli kl.11.00 Bygland
- Sundag 11. juli kl.11.00 Byglandsfjord
- Onsdag 14. juli kl.11.00 Byglandsfjord
- Sundag 18. juli kl.11.00 Byglandsfjord
- Onsdag 21. juli kl.11.00 Byglandsfjord
- Sundag 25. juli kl.11.00 Bygland
- Onsdag 28. juli kl.11.00 Bygland
- Sundag 01. august kl.11.00 Bygland
- Onsdag 04. august kl.11.00 Byglandsfjord
- Sundag 8. august kl.11.00 Byglandsfjord
- Sundag 15. august kl.11.00 Bygland
- Sundag 22. august kl.11.00 Bygland
- Sundag 29. august kl.11.00 Byglandsfjord, siste tur

Avgrensa tal passasjerar på Bjoren

DS Bjoren kan i år berre ha 25 personar ombord på kvar tur. Mannskapet tek sikte på at dei kan køyre inntil 3 turar kvar dag dei køyrer. Turane er på 1 1/2 timar, og startar frå bryggja på Byglandsfjord eller bryggja på Bygland med retur til same brygge.

Vert tur nr. 1 kl. 11 fullbooka, vert det sett opp ny tur kl. 13, og vidare ein ny tur kl. 15.

Meir informasjon og booking på bjoren.no

Nytt frå «Glashytta» på Presteneset

I den tidlegare Glashytta er det intens aktivitet disse dagar. Bygningen skal huse to ulike verksemdar denne sommaren:

Bygland turistkontor

Fatima Aakhus riggar opp Bygland turistkontor for ein ny sommarsesong. Turistkontoret er plassert i det tidlegare salsrommet til Glashytta og er og ansvarleg for billettbestilling for dampskipet Bjoren og Bygland museum.

Opningstider

[Bygland turistkontor/Bygland museum](#)

21. juni – 15. august kl. 11.00 – 17.00

Velkomen innom!

Ny kulturkafe i Bygland

Den 21. juni vil det opne ein ny kulturkafe i det tidlegare produksjonsrommet til Glashytta. Kulturkafeen skal ha ope heile året. Sommarkafeen vil ha ei førebels løysing, før det kjem ei permanent løysing med oppgradert kjøkken til hausten. Olav Grendstad vil være drivar.



Kafebord laga av dei gamle skiltene som viste vegen til tidlegare Glashytta



KVA SKJER I BYGLAND?

Juni 2021

	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT (med atterhald om endringar)
Onsdag 02.06.	Bygland kommune, Åraksbø grendehus	Kl. 18.00 – 20.00	Idédugnad framtidias Bygland - Åraksbø
	Setesdal vekst, online	Kl. 18.00	Webinar «Innføring i byggesøknad»
torsdag 03.06.	Bygland kommune, Ose grendehus	Kl. 18.00 – 20.00	Idédugnad framtidias Bygland - Ose
	Bygland frivilligsentral	Kl. 17.00	Opning av BUA Bygland
sundag 06.06.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 11.00	Gudsteneste
	Bygland filmklubb på Bygland kulturscene	kl. 17.00 kl 19.00	Film 1: Never ending story (7 år) Film 2: Ungkarsfesten (15 år)
onsdag 16.06.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	Kl. 17.30	Roald Dahls Heksene (9 år)
		Kl. 19.30	N.N.
sundag 20.06.	Tveitå på vestsida av fjorden	kl. 12.00	Gudsteneste
	Bygland filmklubb på Bygland kulturscene	kl. 17.00	Film: Mytteriet på Bounty (1962)
måndag 21.06.	Tourkids.no, påmelding	Kl. 17.00	Tour of Norway for Kids – Bygland (sykkelritt)
	Tourkids.no, start	Kl. 18.00	
tysdag 22.06.	BUA Bygland	Kl. 11.00	Open dag Bygland, Tangen
måndag 28.06.	BUA Bygland	Kl. 10.00	Open Dag, Byglandsfjord, Vassend